


# SAMFERDSLEPLAN 2016-2018



Sogn regionråd

## Innhald

1.	Innleiing .....	2
2.	Overordna rammer og mål .....	3
3.	Prioriterte samferdsletiltak.....	5
3.1	Fylkesvegnettet .....	5
3.2	Gang- og sykkelveggar .....	6
3.3	Kollektivtransport .....	6
3.4	Sogndal Lufthamn Haukåsen .....	7
3.5	Strekninga Vinje-Hella-Sogndal .....	8
3.6	Samband mellom Austlandet og Vestlandet .....	8
3.7	Bergen-Trondheim om Sogn - Sognefjellstunnelane .....	9
3.8	Ferjesamband .....	9
3.9	Nasjonale turistveggar .....	10
3.10	Breiband.....	10
4	Vedlegg Strekningsvise vegprioriteringar frå kommunane .....	11

## 1. INNLEIING


Sogn regionråd er eit samarbeidsorgan for ni kommunar: Aurland, Balestrand, Høyanger, Leikanger, Luster, Lærdal, Sogndal, Vik og Årdal.

Regionrådet er kommunane sin felles utviklingsaktør i arbeidet med å sikra og vidareutvikle rammevilkåra for busetnad, næringsliv og vekst i regionen. Rådet skal initiere definerte utviklingsprosjekt, i tillegg til å samordne og forenkle oppgåver for eigarkommunane. Sogn regionråd arbeider for å få ei positiv utvikling i medlemskommunane og i regionen samla.

I historisk samanheng har Sognefjorden vore den viktigaste ferdselsåra mellom kommunane i regionen. Fjorden er framleis ein viktig ressurs, men skapar også geografiske utfordringar for samferdsla i regionen. Bygdene ligg spreidde langs fjordar og dalbotnar med mange lokale sentra. Fellesskapet rundt fjorden bygger identiteten til sogningane, og er eit godt grunnlag til å utvikla samarbeidet på.

Hovudfartsåra gjennom regionen er E 16. Riksveg 55 går til Sogndal og riksveg 13 over Vikafjellet og nordover. Regionen har verdas lengste vegtunnel, Lærdalstunnelen.

Samla areal for regionen er 9590 km<sup>2</sup>, og er på storleik med Rogaland fylke og større enn fleire fylke.



Samferdsle er eitt av satsingsområda i Sogn regionråd sin regionalplan 2013-2016. God infrastruktur er viktig for å binda kommunane saman og styrka regionen som ein felles bu-, service- og arbeidsmarknad. Sogn regionråd er eit politisk organ for regional utvikling og skal vera synleg som regional utviklingsaktør. Arbeidet med å betra samferdselsløysingane internt i regionen og mot omverda er eit langsiktig og krevjande arbeid. Regionrådet bør vera ein kraftfull pådrivar i regionale saker. På den måten kan rådet sikra felles regionale prioriteringar innanfor denne sektoren og slik få større gjennomslagskraft for å realisera fleire store og små prosjekt.

Ved å utvikla gode samarbeidsprosjekt med fylkeskommunen, nabokommunane og næringslivet kan ein gjera det meir sannsynleg at samferdsleprosjekt i vår region vinn fram i dei nasjonale prioriteringane.

## 2. OVERORDNA RAMMER OG MÅL


### Nasjonal transportplan (NTP)

NTP beskriv mål og prinsipp som regjeringa legg til grunn for sin transportpolitikk. Nasjonal transportplan gjeld i ti år, og blir revidert kvart fjerde år.

Planprosessen for neste NTP 2018-2029 føregår i korte trekk slik:

- Statens vegvesen, Jernbaneverket, Kystverket og Avinor AS legg fram eit felles forslag til NTP basert på økonomiske planrammer gjeve av Samferdselsdepartementet.
- Forslaget vert sendt på høyring
- Regjeringa legg fram ei stortingsmelding om NTP som blir lagt fram for handsaming i Stortinget i 2017.

Milepælane for neste NTP er som følgjer:



## Regional transportplan (RTP)

I 2010 overtok fylkeskommunen ansvaret for det øvrige riksvegnettet i Sogn og Fjordane med unntak av rv 13 og Vikafjellet og rv 55 frå Hella til Sogndal. RTP omhandlar heile transportsystemet i fylket, inkludert transportformer der ansvar og verkemiddel ligg til andre forvaltningsnivå enn det fylkeskommunale. Transportplanen er todelt; ein analyse- og utfordringsdel og eit handlingsprogram med investeringsprogram for 2014 – 2017.

Handlingsprogrammet gir ei oversikt over tiltak med utgangspunkt i mål, strategiar og retningsliner frå RTP. Handlingsprogrammet vert rullert kvart fjerde år. Handlingsprogrammet har hovudfokus på tiltak dei fire første åra. Årlege budsjetttrammer hos fylkeskommunen vil avgjere oppfølginga av handlingsprogrammet. Utfordringar er mellom anna stort etterslep/forfall på vegnettet og store investeringsbehov. Fylkeskommunen har fått redusert rammetilskot som følge av nytt inntektssystem frå 2015.

I samband med utarbeidinga av Regional transportplan 2014 - 2023 vart følgjande utgreiingar som gjeld Sogn lagt til grunn:

- Skredsikring av fv. 92 Arnafjorden sett i samanheng med tunnelalternativ for rv.13 under Vikafjellet
- Fv 55 Sognefjellet - Vadheim, overordna utgreiing
- Standard på fylkesvegane

Fylkeskommunen har vedteke at ein ikkje går for rassikring av Arnafjorden gjennom påkopling til Vikafjellstunnelen, men skal vurdere ulike rassikringstiltak langs eksisterande veg i høve RTP. Revisjon av regional transportplan blir starta opp i 2016 og vil vere ferdig i løpet av 2017. Framdriftsplanen for arbeidet med planprogrammet er som følgjer:

- 27. januar 2016: Vedtak om oppstart av planarbeidet med utarbeiding av planprogram.
- Mars 2016: Arbeidsdokument i planutvalet dersom det viser seg at det er behov for politiske avklaringar i arbeidet med planprogrammet.
- 13. april 2016: Handsaming i fylkesutvalet av utkast til planprogram med vedtak om utlegging til offentleg ettersyn.
- 14. april 2016: Utsending av planprogram på høyring med høyringsfrist 27. mai 2016.
- April/mai 2016: Ev. høyringsmøte på planprogrammet.
- 22. juni 2016: Vedtak i fylkesutvalet av endeleg planprogram og om vidare framdrift av planarbeidet.

Framlegg til RTP 2018 – 2027 med handlingsprogram for 2018 – 2021 vil bli lagt fram for fylkestinget til handsaming og godkjenning desember 2017. Ny RTP med handlingsprogram vil gjelde frå 2018.



### 3. PRIORITERTE SAMFERDSLETILTAK

Utbetring av infrastruktur i og ut av regionen er viktig for å styrka regionen som felles bu -, arbeidsmarknad- og serviceregion og for å lukkast med næringsutvikling.

#### Overordna mål:

Næringsliv og innbyggjarar skal ha god infrastruktur. Reisetida til regionsenteret skal vera maksimalt 45 minutt.

#### Strategiar

- Politisk og strategisk påverknadsarbeid for betra regularitet og infrastruktur i og utav regionen
  - vegutbetring og oppgradering av vegnettet
  - betre fly-, ferje- og busstilbod
  - god breibandkapasitet for næringslivet
- Regionen må vera aktive overfor stat og fylkeskommune for å styrka regionen sine samferdselsinteresser

#### Tiltak

- Argumentera for prioriterte samferdsletiltak i høve sentrale og regionale styresmakter mellom anna i møte med Samferdsledepartement, Stortingsbenken, Statens vegvesen Regionvegkontoret, fylkeskommunen.
- Byggja alliansar og interessefellesskap med andre regionar og næringsliv
- Gje fråsegn til Regional Transportplan 2018-2027 og Nasjonal Transportplan 2018-2029 om dei prioriterte samferdsletiltaka
- Setja av regionale utviklingsmidlar til analyser og utgreiingar som grunnlag for regionrådet sitt vidare arbeid

Samferdslegruppa vil drøfta og tilrå ein framdriftsplan for tiltaka.

### 3.1 Fylkesvegnettet

#### Fylkesveg 55

Fylkesveg 55 går frå grensa med Oppland på Sognefjellet til Vadheim. Strekninga Sogndal-Hella er riksveg. Fv 55/rv 55 har ein hovudvegfunksjon samstundes som vegen er viktig for lokal trafikk. Det er mange pendlarar mellom kommunane Luster, Sogndal og Leikanger, mellom Balestrand og Høyanger, og mellom Vik, Balestrand og Leikanger.

Det er dokumentert omfattande behov for opprusting for desse strekningane<sup>1</sup>:

- Vegen har lange parti med dårleg vegstandard (smal, svingete, ujamn veg, sterk stigning, låge tunnelar) og for sjeldne og uregelbundne ferjeavgangar
- Manglande framkomst vinterstid på høgfjellet
- Ulykker, spesielt utforkøyringsulykker
- Mangelfullt tilbod til gåande og syklende ein del stader
- Behov for rehabilitering av tunnelar
- Behov for skredsikring
- Generelt forfall på vegar, bruer og tunnelar

Utbetringar av strekningane Sogndal-Luster, Dragsvik-Balestrand og Tronvik-Ulvåna vil styrka Sogn som felles bu- og arbeidsmarknad. I påvente av større opprustingsprosjekt bør fylkeskommunen auka ressursinnsatsen for nokre utsette punkt.

<sup>1</sup> Sjå Statens vegvesen Region Vest si overordna utgreiing om Fylkesveg 55 Sognefjellet-Vadheim (2012/172814-13): <http://www.sjf.no/regional-transportplan.336482.no.html>

Rassikringstiltak må prioriterast og regionrådet vil arbeida for auka rammer.

#### *Strategiar*

Arbeida for auka rammer til fylkesvegnettet

Sikra at vår region får sin forholdsmessige del av utbetningsmidlane av fylkesvegnettet

Fv 55 og rassikring er rådet sitt prioriterte satsingsområde i høve RTP

I høve rassikring skal rådet arbeida for at rassikringstiltak frå regionen beheld si plassering på fylkeskommunen si prioriteringsliste for rassikring

Vera pådrivar for meir midlar til rassikring.

### 3.2 Gang- og sykkelveggar

Både av tryggleiks- og miljøomsyn må utbygging av gang- og sykkelveggar ha fokus. Betre tilrettelegging for gåande og syklande er eit godt folkehelseiltak, og gjev redusert bilkøyning og miljøproblem og er såleis eit godt klimatiltak. Det er særleg viktig med eit godt utbygde gang- og sykkelveggar for born og ungdom, og Sogn regionråd meiner at både for nye anlegg og vedlikehald skal strekningar i tilknytning til skulane prioriterast.

#### *Strategi*

Arbeida for å få på plass gang- og sykkelveg i tilknytning til skular.

### 3.3 Kollektivtransport

#### Sognebåten

Sognebåten går dagleg Sogndal-Bergen og fylkeskommunen har vedteke å vidareføra snøggbåten. Båten er viktig for arbeidsreisande, private verksemder og offentlege etatar. Særleg for reiselivet i Sogn er båten viktig og inngår i rundreisepakkar og reiseprogram m.a. Norway in a nutshell. Kommunane i samarbeid med næringslivet arbeider for å vidareutvikla Sognebåten. Det er sett inn ein mindre båt frå 20. mai 2015 som vil gje fylkeskommunen ei innsparing på kr 4,8 mill pr år. Fylkestinget vedtok desember 2015 å setja ein større båt (M/S Tyring, 180 seter) som vil kr 4 mill innsparing pr år.

På oppdrag frå Sogn regionråd blir det i januar –mars 2016 gjennomført ei utgreiing av rutetilbodet og endra sommar- og heilårsrute for Sognebåten tilpassa reiselivet.

#### *Strategi*

Samarbeida med næringa og regionale utviklingsaktørar om båttrutetilbodet i Sognefjorden.

#### Pendlarbuss

Det tek tid å endra folks reisevaner. Det er i dag pendlarbuss på strekninga Sogndal-Leikanger. Det må vera tilstrekkeleg befolkningsgrunnlag for at det skal kunne leggjast til rette for pendling med buss. Pendlarbusstilbodet Leikanger-Sogndal bør utvidast til Årdal med kopling frå Luster og Lærdal samt ei kombinert pendlar- og skulebuss for Aurland, Lærdal og Årdal. For pendlarane er det viktig med gode overgangar privatbil og kollektivtilbod, til dømes parkering i nærleiken av haldeplass, og slike bør få større fokus framover. Det bør arbeidast for at bussrutene korresponderer med ferjetilbodet Hella-Vangnes-Dragsvik (nye ferjeruter frå 1.1.2016).

#### Skule-, pendlar- og turistbåt

På oppdrag frå Sogn regionråd har Transportøkonomisk Institutt vurdert kombinert skule-, pendlar- og turistbåt for Vik-Sogndal og Aurland-Sogndal. Passasjergrunnlaget, finansieringsmoglegheiter vart vurdert. Rapporten var ferdig januar 2013.

## 3.4 Sogndal Lufthamn Haukåsen

### Flyruter

Det har vore passasjervekst på Haukåsen dei siste åra, men det har vore nedgang siste året. Det har vore nedgang i heile landet siste to åra. Sogn regionråd ønskjer betre kapasitet morgon og kveld. Men mange vert avviste og må finna andre reisemåtar. Dette påverkar vidare passasjervekst. Flyplassen ligg i ei klimasone med til dels store snømengder. Nattstasjonert fly vil gje betre regularitet vinterstid og betre kapasitet om morgonen. Sogndal lufthamn har lagt til rette for å byggje hangar (rubbhall) i nord-vestlege del på flyside.

Kommunane i Sogn regionråd har gått i lag om å prosjektera hangar. Rapporten frå Avinor (2015)<sup>2</sup> viser kostnader og mogleg plassering som grunnlag for å iverksetja byggesøknad og bygging.

### Strategiar

Arbeida for nattstasjonert fly

Samarbeida med næringslivet og bidra i arbeidet med å finansiera bygging av hangar.

Vurdera etablering av eit interesseutval saman med næringslivet for å styrka og utvikla Sogndal lufthamn Haukåsen og leggja grunnlaget for auka trafikk

Dialog og kontakt med Widerøe og Avinor for å drøfta flyrutetilbodet og aktuelle løysingar.

### Forlenga rullebane, Sogndal

Forholda ligg til rette for ei forlenga rullebane til 1199 meter. Dei tekniske tiltaka som må gjerast i samband med forlenging av rullebana til 1199 meter og kalkyle for forlenginga er utgreidd. Ei forlenging vil kosta 103 millionar (Norconsult, 2011). Rapporten gjekk inn som ei delutgreiing til Avinor sitt prosjekt i 2012. Med 50-sete fly vil fleire konkurrera i anbodet og vil gje redusert FOT-tilskot med kr 26 mill. pr år hovudsakleg fordi det vert føresett ny aktør med lågare kostnader når flyplassen kan ta 50-setefly. Avinor sine berekningar viser at forlenginga vil gje samfunnsøkonomisk nytte på nesten kr 400 mill. Reint anleggsteknisk er det mogleg å forlenga rullebana, men lufthamna har betydeleg operative utfordringar. Avinor har peika på at ei forlenging truleg ikkje vil bli godkjent i nytt EASA-regelverk pga for smale og korte tryggleiksområde (Retningslinje 2-rapport, 2012).

Flytypen som Widerøe bruker på kortbanenettet blir ikkje produsert lenger. Widerøe oppgraderer Dash-8 100 og Dash-8 200-fly slik at dei tåler fleire landingar (auke frå 40 000 til 80 000 landingar) og levetida til flya blir utvida med om lag ti år.

### Flyplassveg

Vegen har vanskeleg framkomst, særleg frå avkøyinga ved rv 5 og til Storemyri (om lag 3 km). Ny trasè er teken inn i Sogndal kommune sin arealdel av kommuneplan. Sogn regionråd har fått utgreidd ny trasè i tillegg til utbetring av eksisterande veg. Kostnadsramme for ny trasè er kr 285 mill. som er kr 15 mill. meir enn å utbeta eksisterande veg (Rapport Norconsult 2012)<sup>3</sup>. Utbygginga kan gjerast etappevis og er beskrive i rapporten.

### Strategi

Arbeida for at ny trase frå rv 5 ved Kaupanger (Vesterland) til Haukåsen kjem inn i regional transportplan.

<sup>2</sup> [Hangar for nattparkering – forprosjektrapport, Avinor 2015](http://www.sogn.regionraad.no/rapportar) <http://www.sogn.regionraad.no/rapportar>

<sup>3</sup> [Utgreiing av flyplassveg - alternative løysingar for ny veg, Norconsult 2012](http://www.sogn.regionraad.no/rapportar) <http://www.sogn.regionraad.no/rapportar>



## 3.5 Strekninga Vinje-Hella-Sogndal

### Vikafjellstunnelen

Riksveg 13 er ei ferdselsåre som bind saman kommunane i midtre Sogn med Voss og Bergen. Strekninga har dårleg vegstandard, er rasutsett og har høg fjellparti som er utsett om vinteren. Fjellovergangen over Vikafjellet er definert som heilårsopen, men er den mest vinterstengde riksvegen i Noreg. Tunnel er einaste løysing for å få sikker heilårsveg over Vikafjellet. Begge fylkestinga har positive vedtak om at Vikafjellstunnelen skal prioriterast og samla storting prioriterer bygging av Vikafjellstunnelen. Veggen er klar til oppstart i høve overordna planar.

I gjeldande NTP 2014-2023 er det sett av kr 100 mill. til bygging av tunnel i siste seksårsperiode.

#### *Strategi*

Arbeida for at oppstart blir i første del av NTP 2018-2027.

### Vegstrekningar

I tillegg til utbetring av rv 13 Vik-Vangsnes bør rv 55 Hella-Sogndal utbetrast. Rv 55 må så tidleg som mogleg i planperioden utbetrast slik at strekninga Hella- Sogndal har riksvegstandard med 8,5 meter vegbreidde og gul midtstripe.

## 3.6 Samband mellom Austlandet og Vestlandet

I aust-vestutgreiinga som Samferdselsdepartementet fekk januar 2015 tilrår Statens vegvesen at E134 over Haukeli og riksveg 52 over Hemsedalsfjellet bør prioriterast når samband mellom aust og vest skal utbetrast i åra som kjem. Utgreiinga viser at reisetida over Hemsedal blir på 5,35 timar og denne strekninga har i dag flest bilar. Rv 52 vil gje låg stigning (3%), og gir nærast 100 prosent vintersikker veg. Utbetring av rv 52 vil gje eit raskt samband for Sogn og Fjordane og Sunnmøre.

Sogn regionråd støttar Statens vegvesen sin langsiktige utviklingsstrategi for riksvegnettet med to hovudsamband mellom Austlandet og Vestlandet. Regionrådet legg til grunn at E16 over Filefjell vert fullført som planlagt og at nødvendige utgreiingar på E16 gjennom Valdres vert utført.

Sogn regionråd støttar Statens vegvesen si tilråding om tunnel frå Borlaug til Bjøberg og ei vidare opprusting av Rv 52 Hemsedalsfjellet med tilkopling av Rv 5 og ferjefritt samband Mannheller-Fodnes med utbetring av kritiske punkt på Rv 5. Eit slikt hovudsamband mellom Florø og Oslo vil også gje svært god regional effekt for Sogn og Fjordane.

Regjeringa har peika på behovet for å utvikla to ruter som vesentleg reduserer reisetida mellom Austlandet og Vestlandet. E134 over Haukeli er signalisert som den eine trasèen. Ein konseptvalutgreiing for strekninga Gol-Voss på rv 52 skal gje grunnlag for val av trasè, anten alternativ rv 7 eller rv 52. Endeleg avgjerd vert teke i samband med NTP 2018-2029.

#### *Strategiar*

Arbeida for at Hemsedal vert realisert som aust-vestsamband

Samarbeida med naboregionar i eit interessefellesskap for politisk og strategisk påverknadsarbeid.

### 3.7 Bergen-Trondheim om Sogn - Sognefjellstunnelane

Sogn regionråd ønskjer meir kunnskap om det kortaste ferjefrie heilårssambandet frå Stavanger/Bergen-Trondheim om Sogn, og at det blir gjennomført ei konseptvalutgreiing. I Nasjonal Transportplan 2014-2023 heiter det at: «Departementet vil komme tilbake til saken med en vurdering av vegens status og behov for utredninger».

#### *Strategi*

Arbeida for at konseptvalutgreiing for Sognefjellstunnelane blir prioritert.

### 3.8 Ferjesamband

#### Ferjesambandet Hella-Vangsnes-Dragsvik

Godt ferjetilbod knytter regionen saman. Hella-Vangsnes-Dragsvik er eitt av få riksvegferjer utan frekvens på 20 eller 30 minutt.

Utfordringar for Balestrand og Vik er at denne delen av regionen er vanskeleg å koma til og frå, sett i høve til dei fleste andre område i fylket.

Nord/sør og aust/vest-trafikken går no utanom denne regionen. Fv 55/Rv 55 og ferjetilbodet er viktig for Vik og Balestrand - og Høyanger - i høve påkopling til aust/vest-sambandet Sogndal-Lærdal-Oslo. Det er behov for eit føreseieleg tilbod tilpassa pendlarane og næringslivet sine behov i ein felles bu-, service- og arbeidsmarknadsregion. Betre ferjetilbod vil styrka pendlinga i regionen og vil bidra til at Balestrand og Vik vil kunne ta enno sterkare del i arbeidsplassveksten i Sogndal og Leikanger. Mange er villige til å pendla 45-60 minutt om dei får bu der dei ønskjer seg – og om kommunikasjonen er god. Det er viktig for næringslivet t.d. transportnæringa som vil letta planlegginga og redusera tidsbruk og kostnader.

Vik er isolerte mange gonger på vinterstid fordi Vikafjellet ofte er stengt. Tunnel gjennom Vikafjellet vil også styrka trafikkgrunnet for ferjesambandet.

Berekningar frå TØI<sup>4</sup> har gjort for oss viser at betra ferjetilbod med treferjeløysing vil gje

- reduksjon i ventetida med 30% på ettermiddagen.
- forventa 8-10% trafikkvekst for korte reiser (under 10 mil)

#### *Strategi*

Aktiv dialog med Statens vegvesen region vest og Samferdselsdepartement for å få halvtimes avgangar og betre nattferjetilbod frå neste anbudsperiode 1.1.2019.

#### Ferjesambandet Mannheller-Fodnes

#### *Strategi*

Arbeida for oppdatert ferjemateriell og god trafikkavvikling på sambandet.

---

<sup>4</sup> Berekningar frå Transportøkonomisk Institutt januar 2013

### 3.9 Nasjonale turistveggar

Nasjonale turistveggar er 18 køyreruter i landet gjennom natur, arkitektur og kunst på tilrettelagde utsiktspunkt og rasteplassar. Statens vegvesen står bak arbeidet. Nasjonale turistveggar skal gjera Noreg enno meir attraktivt som reisemål, og skal bidra til å styrka næringslivet og busetjing i distrikta. Prosjektet varer fram til 2023.

Sogn regionråd ønskjer at nasjonale turistveggar blir utvida med bilferjerute på Fjærlandsfjorden og Nærøyfjorden. Dei nasjonale turistvegane Aurlandsfjellet og Gaularfjellet gjev dei reisande naturopplevingar med fjell, fossar og utsiktspunkt. Dei to turistvegane bør utvidast til også å omfatta Nærøyfjorden og Fjærlandsfjorden. Ei reetablering av offentlege ferjeruter på Fjærlandsfjorden og Nærøyfjorden vil sikra eit stabilt tilbod og lang sesong. Ferjekaiene er intakte, i offentlig eige og i bruk. Ferjereisene har ei reisetid på 1,5 timar på den eine strekninga og 2,5 – 3 timar på den andre.

### 3.10 Breiband

Innbyggjarane og næringslivet i Sogn må ha eit godt breibandtilbod. God dekning og raskt breiband må sikrast for private hushald og for næringslivet og offentlig sektor.

Eit godt utbygd breiband er føresetnad for å sikra tilgang til tenester og moglegheit for full samfunnsdeltaking. Bruksmønsteret har endra seg og det er behov for andre generasjons breiband. Regjeringa har etablert ei tilskotsordning for breiband, og som kommunane kan søkje på. Ordninga skal sikra eit tilstrekkeleg godt breibandtilbod til område som det ikkje er lønsamt å byggja ut på kommersielle vilkår. IT-forum Sogn og Fjordane er eit breitt samarbeid og spleiselag der ein av satsingane er å utvikla breibandtenester med kommunane i fylket.

#### *Strategi*

Arbeida for auka løyvingar til breibandutbygging for å sikra eit godt breibandtilbod også i område det ikkje er lønsamt å byggja ut på kommersielle vilkår.

## 4 VEDLEGG

### Strekningssvise vegprioriteringar frå kommunane

#### Tiltak langs fylkesveg 13 og 55

<i>Tiltak /stad</i>	<i>Kommune</i>	<i>Merknad</i>
Fv 55 /fv13 Dragsvik ferjekai	Balestrand	Statens vegvesen utarbeidd planar for ferjekaia
Fv 55 Dragsvik-Tjugum	Balestrand	Setja av midlar til planlegging
Fv 55 Flesjane-Hanevik	Balestrand	Setja av midlar til planlegging
Fv 55 Målsnes-Kvamsøy	Balestrand	Setja av midlar til planlegging
Fv 55 Kvamsøyhøgda-Sæle	Balestrand	Setja av midlar til planlegging
Fv 13 Skåpargjelet –Farnes	Balestrand	Flaskehals - Setja av midlar til planlegging
Fv 55 Ulvåna –Tronvik	Høyanger	Dårleg kurvatur fleire stader
Fv 55 Høyangertunnel, Kvernhaugtunnel og Hovdentunnel	Høyanger	Opprusting/sikringstiltak/utbetringar i tråd med nasjonal standard
Fv 55 Gaupne-Skjolden	Luster	Tiltaka her er prioriterte i den overordna utgreiinga for FV 55 og det er trong for snarleg og stort opprustingsarbeid. Behov for sykkelveg.
Fv 55 Nes-Fortun med oppstart Nes-Høyheimsvik	Luster	Status: Ikkje løyvd midlar
Fv 55 Røneidstunnelen	Luster	Tiltaket er prioritert på topp i det overordna utgreiinga for RV 55 når det gjeld opprusting av tunnelar
Fv55/Fv53	Årdal/Luster	Fylkeskommunen er bedne om å arbeide for konseptvalutgreiing for tunnelar under Sognefjellet frå Årdal til Lom via Luster

#### Tiltak langs resterande fylkesvegar

<i>Tiltak /stad</i>	<i>Kommune</i>	<i>Merknad</i>
Fv 331 Skjolden-Urnes	Luster	Behov for breiddeutvikling og fleire møteplassar.
Fv 604 Gaupne-Jostedalen	Luster	Kryssløysing ved kommunal veg til Leirdalen er trafikkfarleg. Bør leggast om. Svært dårleg dekke på deler av vegen
Fv 331 Skjolden-Urnes	Luster	
Fv 181 Feios	Vik	
Fv 121 Vange Bru og ny trase	Vik	Arbeida for å få tiltaket inn ved neste rullering av RTP
Fv 8 og 92 Ornevik-Ikjefjord-Oppdal	Høyanger	Utbetring av vegdekke, møteplassar og tunnelutbetring Bjordal-Søreide og Søreide-Vamråk
Fv 271 Bru v/ Øye	Lærdal	Smal bru. Godkjent reguleringsplan gang- og sykkelveg
Fv 271 Sjukehuset-E16	Lærdal	Nytt asfaltdekke. Statens vegvesen prioritert i 2016
Fv 243 Lærdal – Varahaug	Lærdal	Nasjonal turistveg. Vegdekke + vegbreidde
Fvr 273 Steinklepp – Berge (Strondi)	Lærdal	Smal veg og dårleg vegdekke
Fv 630 Steinklepp – Bjoråk	Lærdal	Smal veg og dårleg vegdekke
Fv 303 Seimsdalstunellen	Årdal	Er med på prioriteringslista til store investeringsprosjekt. Statens vegvesen har slått fast at Seimsdalstunellen heilt klart treng opprustning (Oppdatering og utviding av rapport 2009/083229-1). Kommunen ønskjer at prosjektet blir prioritert høgare opp på lista.
Fv 92 Vik-Arnafjorden	Vik	Strakstiltak: Støypekant/rekkverk langs fjorden

## Tiltak langs riksveg 5

<i>Tiltak /stad</i>	<i>Kommune</i>	<i>Merknad</i>
Rv 5 Ny Loftesnesbru	Sogndal	Prosjekteringsfase
Rv 5 Eri	Lærdal	Smal veg. Planfase

## Tiltak langs riksveg 13

<i>Tiltak /stad</i>	<i>Kommune</i>	<i>Merknad</i>
Rv 13 Vikafjellstunnelen (inkl. Bødalen-Tistel)	Vik	Planfase - arbeida for å koma med i første del av ny NTP ved rullering, dvs 2018-21.

## Tiltak langs E16

<i>Tiltak /stad</i>	<i>Kommune</i>	<i>Merknad</i>
E 16 Håbakken- Stuvane	Lærdal	Planfase

## Tiltak langs E39

<i>Tiltak /stad</i>	<i>Kommune</i>	<i>Merknad</i>
Bogstunnelen-Gaular grense	Høyanger	Planleggingsmidlar - Planfase

## Rassikringstiltak riksvegar

<i>Tiltak /stad</i>	<i>Kommune</i>	<i>Merknad</i>
E16 Nærøydalen	Aurland	Planfase
E16 Skredvoll i Flåm	Aurland	Planfase
Rv 13 Vik-Vangsnes	Vik	Planfase. Sett av midlar i NTP 2014-2023 til oppstart av skredsikring i første 4-årsperiode

## Rassikringstiltak fylkesvegar

<i>Tiltak /stad</i>	<i>Kommune</i>	<i>Merknad</i>
Fv 55 bru over Esefjorden	Balestrand	Kr 500.000 er sett av i 2014 til planlegging. Setja av ytterlegare midlar til planlegging. Alternativ løysing med bru over Esefjorden ligg inne som nr 5 på prioritert liste over nye skredsikringstiltak. Bruløysing vil samstundes bety innkorting av Fv 55
Fv 152 Alstokka	Balestrand	Algøya: byggefase. Alstokka: Planfase ferdig. Byggefase 2015.
Fv 55 Renninganeset	Balestrand	Planfase ferdig. Byggefase 2015. Nr 2 på fylkestinget si prioriterte liste over nye skredsikringstiltak
Fv 8 og 92 Ortnevik-Ikjefjord-Oppedal	Høyanger	Det er fleire raspunkt langs denne fylkesvegen, særleg er Massnesberget, aust for Ikjefjordbrua utsett for hyppige ras.
Fv 337 Veitstrandsvegen	Luster	Byggefase: Buskredene er sikra med kombinert lede- og fangvoll. Lindeskreda vert bygd fangvoll 2014-2016. Bjødnabakkane: tunnel som opnast i 2016. Bjødnabakken/Lindeskreda nr 1 på prioritert liste over nye skredsikringstiltak.
Fv 331 Skjolden-Urnes	Luster	RTP: Utgreiing som beskriv aktuelle tiltak blir ferdig i 2013
Fv 337 Veitstrandsvegen, Utledøla m.fl.	Luster	Det er fleire raspunkt på Veitstrandsvegen etter at dei store rassikringsprosjekta er ferdige ma Utledøla.
Fv 55 Råumsberget	Luster	Gjennomført fjellreinsk i området hausten 2015.

## Forts. rassikringstiltak fylkesvegar

<i>Tiltak /stad</i>	<i>Kommune</i>	<i>Merknad</i>
Fv 92 Arnafjorden	Vik	Ikkje bevilga. Ligg inne som nr 7 på fylkestinget si liste over prioriterte skredsikringstiltak
Fv 182 Feios-Fresvik	Vik	
Fv 53 Årdal – Tyin (Jåteli)	Årdal	Nummer 4 på prioritert liste over nye skredsikringstiltak. Kommunestyret ber om at fv. 53 Jåteli blir prioritert høgare opp på lista over nye skredsikringstiltak.
Fv53 Midnes	Årdal	(Tunnel – 600m) Rassikring på veg med høg trafikkbelastning ÅDT 2300. Steinsprang. Is/«svellekule» og isklumpar på vinterhalvåret.

## Prioriterte tiltak på gang/sykkelvegar

<i>Tiltak /stad</i>	<i>Kommune</i>	<i>Merknad</i>
Fv 185 Njøsavegen: frå kryss rv 55 – Hjedl	Leikanger	Godkjent reguleringsplan?
Rv 5 Gravensteinsgata, sykkelfelt	Sogndal	Planfase – meldt oppstart (Statens vegvesen)
Rv 5 Kaupanger-Sogndal	Sogndal	Ikkje igang
Rv 55 Fardal-Ylvisåker	Sogndal	Prosjektfase - byggestart
Rv 55 Bondeviki-Fardal	Sogndal	Planfase - meldt oppstart (Statens vegvesen)
Rv 13 Vik-Vangsnes	Vik	
Rv 5 Kaupanger trafikktrygging	Sogndal	Gang og sykkelveg og undergang under riksvegen. Planen vedteke
Rv 5 Fortau Stedje	Sogndal	Prosjektfase
Fv 271 Ofta-Sviggum	Lærdal	Godkjent reguleringsplan
Gamle fv 55 – ved Kvernahaugtunnelen og Hovdentunnelen	Høyanger	Opprusting/utbetring av eksisterande gang- og sykkelveg på utsida av Kvernahaugtunnelen og Hovdentunnelen
Kommunal veg - Øvre Sæbø	Høyanger	Etablera gang- og sykkelveg på elveførebygginga på Øvre Sæbø. Godkjent reguleringsplan.